



Ein snømågers dagbog

Meteorologer kan fortella at snøen komme te Norge i september-oktober, då falle de fyste snøfillene i de høgaste fjelltraktene i Sør-Norge og indre Troms og Finnmark. I de såkalte lavere-liggende strøg komme snøen fyst i november-desember.

Så siden me nå e komt te september, e det på tide å forbereda seg te alt det me forbinde med snøens gleder. Dermed passe det godt med någen notater fra ein snømågers dagbog.

8. desember. Snø! Årets første snø dale ner. Kånå mi og eg satte oss ved vinduet med kvert vårt vinglass og så på de nydelige flagene så kom dansande gjønå luftå. Det va så romantisk at me følte oss som nygifte igjen. Eg elske snø.

9. desember. Våkna te et nydelig kvitt teppe så lå øve landskabet. Finns det någe vakrere i verden? Å flytta opp her e det smartaste me har gjort. Måkte snø for fyste gang på åravis, og følte meg yr som ein unge igjen. Måkte både oppkjørselen og fortauet, men så kom brøytebilen og stengde oppkjørselen, så eg måtte måga den om igjen. Herligt!

12. desember. Snøen har smelta, te min store skuffelse. Men naboen berolige meg med at me garantert får kvide jul. Han meine at me vil ha så møyje snø mod slutten av måneden at eg aldri får lyst å se snø igjen. Ingen fare for det! Nils e ein kjempejeppe nabo.

14. desember. Det snør igjen! Det kom øve 20 cm i natt, og temperaturen datt te minus 20. Kulden får alt te å glitra som glass og krystall. Vinden tog nesten pusten fra meg, men eg fekk fort varmen igjen av å måga oppkjørsel og fortau. Brøytebilen kom igjen, så det blei to runder måging i dag øg. Visste ikkje at det ville bli så møyje arbeid, men eg komme i hvert fall i form av dette.

15. desember. Der er meldt ennå merr snø – minst 20 cm. Bytta ud bilen med ein firehjulstrekkar i dag. Kjøpte nye vinterdekk te kånå sin bil, og to ekstra snøskuffer. Fylte opp fryseren, bare sånn i tilfelle. Kånå meine at me trenge vedovn i tilfelle strømmen går, men eg sa at me bor ikkje i Alaska.

16. desember. Skikkelig snøstorm i dag. Salta oppkjørselen, glei og falt på trynet. Kånå lo i ein time. Litt unødvendig, syns eg.

17. desember. Fortsatt mange kuldegrader. Veiene e så isete at me ikkje kan dra någe sted. Strømmen gjekk i fem timer, men me holdt varmen med ulltepper. Unngår blikkontakt med kånå. Kunne for så vidt kjøpt vedovn, men eg vil ikkje innrømme det. Eg hate når hu har rett i sånne ting. Det e heilt utrolig at me holde på å frysa i hjel i vår egen stue!

20. desember. Strømmen e endelig tebage, men det kom nye 35 cm med det fordømte stoffet fra himmelen i natt. Merr måging. Tog heile dagen. Den helsikes brøytebilen kom forbi to ganger! Prøvde å lura naboens sønn te å måga, men han sko spela hockey – det tror eg ingenting på. Ringte jernvarehandelen for å hørå om snøfreser, men de var udsolgt. Får kanskje nye i mars. Naboen seie at eg e nødt te å måga, ellers gjør kommunen det og sende regning. Eg tror han lyge.

23. desember. Nabo Nils hadde rett når det gjelde julen, for i natt kom det nye 30 cm med den kvide driden. Nils har traktor med plog, så eg prøvde å hyre han te å måga hos oss resten av vinteren. Han sa at han ikkje hadde tid – eg tror drittsekken lyge.

24. desember. 15 cm snø blei pakt så hardt samem av brøytebilen at eg brakk spaden. Trodde eg sko få hjerteinfarkt. Hvis eg får tag i det svinet så kjøre den brøytebilen, ska eg dra han ud i snøen itte hans edlere deler og banka livskiden ud av han med den knekte spaden min! Eg vett at han nå står oppi gadå og vente te eg e ferige med å måga, før han dundre forbi i 150 kilometer i timen og drukne meg i snø igjen. Glemte å åbna presangane fordi eg holdt vakt itte brøytebilen. Kånå blei sure.

25. desember. God forbanna jul! Ein halv meter snø i natt. Fekk ikkje opp utgangsdørå. Tanken på måging får blodet mitt te å koga! Herregud, så eg hate snø! Kånå meine at eg øvedrive. Hu e ein ubrugelige idiot!

26. desember. Fortsatt innesnødd. Koffer i helvete flytta me te dette stedet? Det var hennes idé – hu begynne å gå meg skikkelig på nervene.

27. desember. Minus 30 grader og frosne vannrøyr. Rørleggaren kom itte 14 timer og fikkste alt, men eg bankte han opp då eg fikk regningå. Kånå blei – om muligt – ennå surare.

29. desember. Nye 15 cm snø i natt. Nils seie at eg bør måga taget, ellers kan det rasa samem. Det er det dummaste eg har hørt i mitt liv. Kor teide tror han egentlig at eg e?

30. desember. Taget har rast samem. Eg bankte opp brøytebilsjåføren, så nå ska han sagsøga meg for juling, og for at eg prøvde å kjøre den knekte spaden min opp i bagen hans. Me ska sova hos svigermor i natt. Der er meldt merr snø.

31. desember. Satte fyr på det så va igjen av huset i dag. Ingen merr måging.

8. januar. Føles deilig. Eg elske de små, kvide pillene så de gjer meg. Koffer e eg fastspent te sengå?